



SAKSGANG			
Styre/råd/utval	Møtedato	Sak nr	Saksbeh.
Utval for plan, teknikk og næring	02.06.2015	060/15	TEKI
Kommunestyret	15.06.2015	056/15	TEKI

Saksansvarleg: Terje Kili

Arkiv: K3-
&86, K2-U62

Arkivsaknr.: 15/1412

Oppfølgingsansvar:

Tidsfrist:

Høyring - Forslag om endring i heilagdagslova**Vedlegg:**

Saksomtale: Regjeringa v/Kulturdepartementet sendte 27. mars 2015 på høyring eit forslag om endring i heilagdagslova. Formålet med endringa er å tillate butikkar å halde ope på vanlege sundagar. Høyringsfristen er 30. juni 2015.

Om endring og praksis

Heilagdagslova (Lov av 24. februar 1995 nr 12 om heilagdar og heilagdagsfred) § 5 slår fast at «på helligdager skal faste utslagssteder som selger varer til forbrukerne, holde stengt». Regelen gjeld berre faste utsalsstader som er retta mot vanlege forbrukarar. Sal gjennom e-handel og sal av tenester blir ikkje omfatta av loven.

Kva som er heilagdar er definert i heilagdagslova § 2. Det som er omfatta av lova er vanlege sundagar og særskilte heilagdar. Påbodet om å halde stengt gjeld soleis for høgtidsdagane 1. og 17. mai. Vidare er det bestemt at faste utsalsstader skal stenge kl. 16 på jul-, påske- og pinseefte. På desse særskilte heilagdagane er det heilagdagsfred etter kl 16.

Regjeringa går i høyringa inn for at påbodet om å halde stengt på dei særskilte heilagdagane først vidare. Forslag om endring gjeld berre «vanlege sundagar».

Vidare leggje regjeringa til grunn at ein vidarefører dagens unntaksreglar. Det følgjer av heilagdagslova § 5 annet ledd at påbodet om butikkstengt ikkje gjeld for:

1. utsalssteder som i det vesentlige selger kiosk- eller dagligvarer, og som har en samlet salgsflate som ikke overstiger 100 kvm
2. bensinstasjoner med en samlet salgsflate som ikke overstiger 150 kvm
3. utsalssteder på campingplasser i campingsesongen
4. utsalssteder på områder som etter vedtak av fylkesmannen regnes som typiske turiststeder, se sjette ledd
5. salg fra serveringssted
6. salg ved auksjon

7. salg av utstilte gjenstander fra kunstgallerier og lignende
8. salg fra tidsbegrensede utstillinger og varemesser som finner sted i lokaler som normalt ikke blir brukt til salgsvirksomhet
9. utsalgssteder som i det vesentlige selger blomster, planter og andre hageartikler
10. utsalgssteder som i det vesentlige selger lokale husflids- og suvenirvarer
11. utsalgssteder i bygninger for inn- og utsjekking av passasjerer på lufthavner som har tillatelse til avgiftsfritt salg
12. salg av varer i tilknytning til produksjonssteder mv. som er tilrettelagt for turisme.

I tillegg til disse unntaka er det eit generelt unntak i heilagdagslova § 5 tredje ledd, som seier at faste utsalgssteder *kan halde ope de tre siste sundagane før jolaften mellom kl. 14 og kl. 20*

I følge fylkesmannen er det gjeve dispensasjon frå kravet om sundagsstengte butikkar på følgjande stader:

Kommunar	Område	Periode	År
Bamble	Valle, Kjønnøya Trosby	Heile året	1999/ 2011
Kragerø	Kragerø sentrum Jomfruland, Stabbestad, Levang	01.05-01.09 + påska	2000
Tinn	Rjukan sentrum Tinn Austbygda, Atrå	Påska + 01.06-31.08	2001
Vinje	Rauland, Edland/Haukeli sentrum Åmot sentrum	20.12-20.04 + 01.06-31.08	2008
Hjartdal	Tuddal	Heile året	2011
Kviteseid	Eidsto, Vrådal	Heile året	2012

Drofting

Bakgrunnen for forslaget er avtalen som blei forhandla i etterkant av stortingsvalet 2013 (Sundvolden-erklæringa). Det er ikkje registrera noko brei tilslutning til forslaget. NHO har for eksempel gitt uttrykk for følgjande:

«Butikkeierne og kjedene er generelt negativt innstilt til søndagsåpne butikker. Her er det riktignok en del unntak, og da spesielt de markedsaktørene som gjennom sin butikkstruktur ser mulighet for økt markedsandel. Bakgrunnen for at de fleste er negative er en forventning om at søndagsåpne butikker ikke vil gi økt omsetning, bare økte kostnader. Med vårt allerede svært høye konsum, er det neppe sannsynlig at vi med søndagsåpne butikker vil spise enda mer mat eller fylle opp klesskapet enda mer. Utvidede åpningstider vil mest sannsynlig bare spre omsetningen over flere timer. Enkel logikk tilsier at uendret omsetning og økte kostnader gir redusert lønnsomhet. For mange kjeder er dessverre situasjonen nå så utfordrende, at med dagens lave lønnsomhet vil søndagsåpne butikker føre til negative resultater og nedleggelse av butikker.»¹

Vidare har arbeidstakarorganisasjonane gått imot. Motstanden har frå den sida vore grunna i at ein slik omlegging vil måtte føre til meir helgearbeid for dei tilsette. Frå tilhengerane av ein endring av love er det blitt hevda et

¹ <http://nhohandel.no/aktuelt/faa-tjener-paa-soendagsaapne-butikker-article448-218.html>

sundagsopne butikkar vil gjere det lettare for studentar og deltidssette å få arbeid tilpassa deira behov.

Frå regjeringas side er spørsmålet om sundagsopne butikkar eit spørsmål som med fordel kan overlatast til marknaden. Regjeringa er samtidig usikker på kva for konsekvensar ein slik lovendring vil få. Dei vil vise seg etterkvart. Det er i høyringsnotatet ein kort drøfting av ulike konsekvensar ein endring vil kunne ha for søndagen som kvile- eller aktivitetsdag, for arbeidstakarane og for forbrukarane. Det er og vist til moglege konsekvensar for næringa. Hovudbiletet for næringa er at «det er liten grunn til å anta at detaljomsetningen i Norge vil betydelig større som følge av utvidede åpningstider. Hovedeffekten vil være at handelen fordeler seg over fleire dager».

Gitt det siste kan det diskuterast om ikkje sundagsopne butikkar kan vera ein fordel for næringslivet i Bø, særleg i sommarmånadane.

Rådmann vil på bakgrunn av dei signala som har kome frå partane i arbeidslivet ikkje tilrå at ein endrar lova, men at ein står fast på lovverket slik det er. Moglegheitane for å gje unntak frå reglen om sundagsstengt er fleksible nok til å skape lokale løysingar der det vil vera nødvendig/ønskeleg.

Det fører etter rådmannens meining og til at det er unødvendig å opne opp for at kommunane sjølv skal kunne vedta at butikkane i kommunen skal kunne halde sundagsope. Regjeringa peikar på at ein slik moglegheit vil kunne styrke det lokalpolitiske engasjementet ved at ein større grad kan ta lokale omsyn. Ein ser for seg at det kan organiserast langs ulike modellar, og at ein i så fall kan sjå vedtak der ein strammar inn moglegheitene for sundagsopne butikkar. Departementet legg i sitt høyringsnotat til grunn at det ikkje skal kunne treffas vedtak om innstrammingar.

Rådmannen vil vise til at en ein slik løysing vil kunne føre til at spørsmål om opningstider blir politisert og at ein, avhengig av kommunestyrets samansetting, vil kunne oppleve at endringar frå ein kommunevalperiode til ein annan. Det ville etter rådmannens meining vera uheldig. Etter rådmannens meining er dette eit regelverk som med fordel kan forvaltas på eit høgare nivå.

Rådmannen tilrår: Kommunestyret i Bø stør ikkje regjeringas forslag om å endre helligdagslova.

PTN-060/15 Tilråding: Som rådmannen - samrøystes med 7 røyster.

K-056/15 Vedtak: Representanten Olav Kasland, V presenterte eit fellesframlegg frå Venstre, Krf og SV som lyder slik og som vart **vedteke med 21 mot 3 røyster**:

«Ein generell tilgang for søndagsopne butikkar vil etter Bø kommune si meining ha store negative konsekvensar. Det same gjeld om det er den enkelte kommune blir gjeitt adgang til å regulere dette sjølv.

Nokre av argumenta imot er:

- miljøomsyn
- verken arbeidstakar- eller arbeidsgjevarorganisasjonane vil ha søndagsopne butikkar
- om nabokommunen vedtar å halde ope, kan det tvinge Bø kommune til å ha ope
- meningsmålingar visar at eit stor fleirtal av innbyggjarane er imot.

Bø kommune ynskjer å vidareføre dagens reglar for opningstider og går imot det nye forslaget om søndagsopne butikkar».